

Indre Sogn vassområde  
Aurland kommune v B.Rosenvold  
5745 Aurland

#### Tiltaksanalyse Aurlandsvassdraget.

Aurlandselva var før utbygginga ei av verdas tre beste sjøareelver. I heile vassdraget inkludert vatnet og Vassbygdelva vart det teke mellom 4 og 6 tonn aure og laks før utbygginga. Kort tid etter utbygginga stupte fangstane til rundt 500 kg.

Elva har alltid vore ei kald elv, men utbygginga førte til av temperaturen vart 2 grader lavare og kritisk lav. Dette har og redusert kvaliteten på fiske. Bunntapping frå høgtliggende magasin er i dag eit stort problem.

Utbygginga reduserte og oppvekstareala betraklig og det vart ikkje minstevassføring i avgjerande deler av vassdraget, Vassbygelva og Midjeelva.

I dag har vi ikkje flaumar i vassdraget og med det har gytegrusområda nesten totalt forsvunne frå Vassdraget og spesielt aurlandselva er i ferd med å gro igjen.

Luka på osen har ødelagt dette viktige område som gyteområde.

Det er registrert til dels stor feilvandring av fisk i krafttunnellar kor fisken ender i turbinar. Dette er dokumentert av Eco sjølv og ved videoovervåkning.

Dette er nokre av dei viktigaste påverknadane på dette vassdraget. Alle er mulig å gjera noko med. Minstevassføring ned heile Aurlandsdalen, minstevassføring i Midjeelva. Åpne fleire sideløp i heile vassdraget.

Vurdere topptapping eller andre tiltak som kan bedre temperaturen. Stenge for feilvandring av fisk.

Harve opp vassdraget, legge ut gytegrus og sette i verk spyleflommer. Sette ut rogn og laksesmolt frå klekkeriet som det vil vera trong for lenge framover.

Det må og ryddast opp langs vassdraget, fjerne skrap og søppelfyllingar,

Vennleg helsing Bjørn Vike  
Leiar Aurland elveigarlag